



Byggmester Knut Henanger

Referanser:

Saksbehandlar:

16.07.2015

Dykkar:

Vår: 14/3895 - 15/14353

## Merknad til søknad om løyve til utføring av veg- og sanitæranlegg på gbnr. 10/40 i Meland kommune

Det vert vist til vår telefonsamtale av 16. dm., kor underteikna i hovudsak opplyste følgjande:

Den 7. april d.å. mottok kommunen si byggjesaksavdeling søknaden din om løyve til utføring av veg- og sanitæranlegg på gbnr. 10/40. Plassering av høvesvis veg- og leidningstrasé og parkeringsplass som vist i den tilhøyrande situasjonsplanen er etter ei førebels vurdering i samsvar med arealplanen si regulering av gbnr. 10/40. Samstundes illustrerer situasjonsplanen òg ei avkøyrsløse til ein innteikna tremannsbustad på gbnr. 10/45, med med tilhøyrande parkeringsplassar på sistnemnde eigedom. Denne løysinga synast på si side å vere i strid med m.a. arealformålet til gbnr. 10/45 (B/FB3), regulert parkeringsløyving på bnr. 40 i forhold til den illustrerte avkøyrsla bnr. 45 (P2) og parkeringsløyvinga som gjeld for denne eigedomen. Det vert i den samanheng vist til kommunen sitt referat frå førehandskonferanse av 30.10.2014.

Den 12. mai s.å. mottok kommunen si planavdeling ein søknad om dispensasjon for oppføring av nemnde tremannsbustad med tilhøyrande teknisk infrastruktur i felt B/FB3. På bakgrunn av dei planomstende som er nemnd over, fann byggjesaksavdelinga det difor naudsynt å avvente handsaminga av søknaden om byggjeløyve til søknaden om dispensasjon var avgjort, m.a. for å kunne ta stilling til søknaden om byggjeløyve i forhold til plangrunnlaget.

Byggjesaksavdeling vart i dag gjort merksam på at søknaden om dispensasjon no er trekt tilbake, jf. e-post frå Tone Flytlie dagsett 26.6.2015 og svarbrev frå planavdelinga til Flytlie av 16.7. s.å. Administrasjonen legg difor til grunn at det omsøkte veg- og sanitæranlegget på gbnr. 10/40 likevel skal handsamast med heimel i gjeldande plangrunnlag, herunder slik at P2 vert prosjektert som parkeringsplass for byggeområde B/FB3, B/FB 4 og den sørlegaste tomta i byggjefelt B8 i samsvar med planføresegn § 2.2, første og fjerde setning.

Før byggjesaksavdelinga kan handsame føreliggjande søknad må det uansett sendast inn terrengprofilar som viser høgde på skjæringar i forhold til veglegemet, saml. òg planføresegn § 4 første ledd:

*«Før opparbeiding av køyrevegar skal det liggje føre godkjend detaljplan som i tillegg til vegen si nøyaktige plassering i horisontal- og vertikalplan, skal vise fyllings- og skjæringsområde.»*

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Det må dertil presiserast om det berre er aktuelt med skjæringar eller om det òg er tale om å sette opp murar, eventuelt kva type murar. (Føreliggjande situasjonsplan viser elles at fjellskjæring mot sør går inn i en del planområdet som er avsett til byggeområde for bustadar (B9), men administrasjonen legg her til grunn at planføresegn § 4 andre ledd opnar for nettopp dette.)

Kommunen si handsaming av din søknad om løyve til utføring av veg- og sanitæranlegg på gbnr. 10/40 vert på denne bakgrunn stilt i bero, i påvente av nemnde tilleggsdokumentasjon og –opplysningar. Søknaden vil deretter kunne handsamast innan kort tid.

Ta gjerne kontakt om du har spørsmål i saka.

Med venleg helsing

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Byggmester Knut Henanger